

## **Sak 12 Framlegg om å skifte revisor til PwC**

Bondeungdomslaget har hatt same revisor i mange år. Heilt frå det heitte Beckman Lundevall Revisjon AS til det no er PKF har vi brukt same selskap. Det er alltid sunt å byte revisor av og til, og sjølv § 5a-4 i Revisorlova seier at ein skal byte revisor kvart 7. år. No held det i følgje lova å byte ansvarleg partner og ein treng ikkje byte selskap. Likevel kan det vere fornuftig å sjå om det fins andre som kan gjere revisjonen for oss.

Samtidig vil det ha ei rasjonaliseringseffekt i samband med konsernrekneskapen sidan det er same revisor som forretningane bruker. Dette gjer at det blir meir heilheit over revisjonen til laget og forretningane.

Lagskontoret har henta inn tilbod frå andre revisorar og legg fram forslag om at laget byter til PwC. Dette er dei same som Bøndenes Hus AS bruker per i dag.

I eit elles trongt budsjett, vil det vere lite berekraftig om vi ikkje byter revisor no. Det er snakk om ei innsparing på om lag NOK 57.000 samla for IL og hovudlaget.

### **Framlegg til vedtak:**

**PwC blir vald til revisor for Bondeungdomslaget i Oslo**